



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK

Plan- og kommunalteknisk utval



Møtedato:	11.03.2026
Møtetid:	13:00 -17:00
Møtestad:	Lonevåg, Rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Herdis Helle	Leiar	AP
Johannes Haugland	Nestleiar	SP
Kari Laurhammer Mjøs	Medlem	U
Johannes O Borge	Medlem	H

Faste medlemmer med forfall

Namn	Rolle	Parti
Ruben Nielsen	MEDL	FRP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Daniel Kleiveland	Gildskapsvara for Kari Laurhammer Mjøs i sak PS 18/26	KRF
Ragnar J Tyssebotn	Ruben Nielsen	FRP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Politisk sekretær, Aleksander Bergli

Kommunalsjef for samfunnsutvikling og kommunalteknikk, Arnstein Øvsthus

Leiar for teknisk forvaltning og plan, Tore Johan Erstad

Rådgjevar for Plan, Pelle Engesæter deltok i sak RS 7/26

Rådgjevar for Plan, Terje Kallekleiv deltok i sak RS 7/26

Ordførar Alexander Thunestvedt deltok til sak PS 18/26

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
EV 1/26	Synfaring: Oppmøte 11:30 Valestrand kai
PS 14/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 15/26	Godkjenning av møtebok 03.02.2026
RS 7/26	Orientering om KPA-arbeidet vidare etter dialogmøter
RS 8/26	Årsmøtepaper til Voss-Osterfjorden vassområdeutval 4.3.2026
RS 9/26	Delegerte vedtak - orientering til plan og kommunalteknisk utval - møte 11.03.2026
PS 16/26	136/118 - Søknad om dispensasjon for ombygging av Valestrand kai med fortau og endra busstopp - Handsaming av klage
PS 17/26	152/4 - Søknad om dispensasjon for bruksendring av 5 bygningar
PS 18/26	89/56 - Søknad om dispensasjon - mellombels utviding av flytebyggje
PS 19/26	Andre saker/spørsmål

Herdis Helle

Utvalsleiar

EV 1/26 Synfaring: Oppmøte 11:30 Valestrand kai

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 11.03.2026 av sak 1/2026

Synfaring: Oppmøte 11:30 Valestrand kai:

Synfaringa vart avlyst fordi Vestland fylkeskommune valde å trekkje den innsendte søknaden.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 11.03.2026 av sak 1/2026 Synfaring:

Oppmøte 11:30 Valestrand kai:

Synfaringa vart avlyst fordi Vestland fylkeskommune valde å trekkje den innsendte søknaden.

PS 14/26 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 11.03.2026 av sak 14/2026

Godkjenning av innkalling og saksliste:

Johannes Haugland (Sp) varsla spørsmål knytte til hjortejakta.

Johannes Borge (H) ønskte ei oppdatering om Holmane Næring.

Ragnar Tyssebotn (Frp) varsla spørsmål om KPA-saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Endringsforslag frå Herdis Helle(Ap):

Sak PS 18/26 skal handsamast som første politiske sak.

Sak RS 7/26 skal handsamast til slutt.

Votering:

Innkalling og saksliste vart godkjende med dei endringsframlegga som er nemnde ovanfor.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 11.03.2026 av sak 14/2026
Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Sak PS 18/26 skal handsamast som første politiske sak.

Sak RS 7/26 skal handsamast til slutt.

PS 15/26 Godkjenning av møtebok 03.02.2026

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 11.03.2026 av sak 15/2026
Godkjenning av møtebok 03.02.2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møtebok frå 03.02.2026 vert godkjend.

Merknad frå Johannes Haugland(Sp):

Spørsmål om saltlageret som vart svara på i førre møte, er ikkje tekne med i møteboka.
Dette må rettast opp.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 11.03.2026 av sak 15/2026
Godkjenning av møtebok 03.02.2026:

Møtebok frå 03.02.2026 var samrøystes godkjend med merknad frå Johannes Haugland(Sp).

RS 7/26 Orientering om KPA-arbeidet vidare etter dialogmøter

Ragnar har tidlegare vorte erklært ugild i saka om Svartevågen og deltok difor ikkje i den delen av orienteringa som galdt den eigdommen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Plan- og kommunalteknisk utval tek saka til vitande og ber kommunedirektøren forberede ei politisk sak for å avklare og avgrense bruken av arealformåla bustad og LNF-spreidd.»

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

«Plan- og kommunalteknisk utval tek saka til vitande og ber kommunedirektøren forberede ei politisk sak for å avklare og avgrense bruken av arealformåla bustad og LNF-spreidd.»

RS 8/26 Årsmøtepapir til Voss-Osterfjorden vassområdeutval 4.3.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Teken til vitande.

RS 9/26 Delegerte vedtak - orientering til plan og kommunalteknisk utval - møte 11.03.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Teken til vitande.

PS 16/26 136/118 - Søknad om dispensasjon for ombygging av Valestrand kai med fortau og endra busstopp - Handsaming av klage

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 11.03.2026 av sak 16/2026 136/118 - Søknad om dispensasjon for ombygging av Valestrand kai med fortau og endra busstopp - Handsaming av klage:

Vestland fylkeskommune valde å trekkje den innsendte søknaden, og saka vart difor ikkje handsama.

Utvalet ønskjer å sende ei samla fråsegn til fylkeskommunen i saka. Det vert sett opp på saklista/handsama i neste møte.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 11.03.2026 av sak 16/2026 136/118 - Søknad om dispensasjon for ombygging av Valestrand kai med fortau og endra busstopp - Handsaming av klage:

Vestland fylkeskommune valde å trekkje den innsendte søknaden, og saka vart difor ikkje handsama.

Utvalet ønskjer å sende ei samla fråsegn til fylkeskommunen i saka. Det vert sett opp på saklista/handsama i neste møte.

PS 17/26 152/4 - Søknad om dispensasjon for bruksendring av 5 bygningar

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 11.03.2026 av sak 17/2026 152/4 - Søknad om dispensasjon for bruksendring av 5 bygningar:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev 15 månader mellombels dispensasjon frå byggjegrensa langs sjø, gjeldande arealføremål og plankrav, til mellombels bruksendring av 5 bygningar på gnr. 152 bnr. 4, jf. plan- og bygningslova (pbl.) §§ 19-2 og 19-3, jf. §§ 11-6, 11-7 og 11-9 nr. 1, på fylgjande vilkår:

1.Dispensasjonsløyvet gjeld bygningar merka B, C, D, E og G på plankart motteke 23.12.2025, og bygningane skal nyttast som utleigehytter.

2.Dersom det ikkje er vedteke ein reguleringsplan for området når dispensasjonsløyvet går ut, skal den endra bruken av bygningane stansast.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga."

Framlegg til vedtak frå Johannes Borge(H):

"Kommunen gjev 24 månader mellombels dispensasjon frå byggjegrensa langs sjø, gjeldande arealføremål og plankrav, til mellombels bruksendring av 5 bygningar på gnr. 152 bnr. 4, jf. plan- og bygningslova (pbl.) §§ 19-2 og 19-3, jf. §§ 11-6, 11-7 og 11-9 nr. 1, på følgjande vilkår:

1.Dispensasjonsløyvet gjeld bygningar merka B, C, D, E og G på plankart motteke 23.12.2025, og bygningane skal nyttast som utleigehytter.

2.Dersom det ikkje er vedteke ein reguleringsplan for området når dispensasjonsløyvet går ut, skal den endra bruken av bygningane stansast.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga."

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot framlegget til Johannes Borge (H).

Framlegget frå Johannes Borge (H) vart vedteke med 5 røyster, medan kommunedirektøren sitt framlegg ikkje fekk røyster.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 11.03.2026 av sak 17/2026 152/4 - Søknad om dispensasjon for bruksendring av 5 bygningar:

"Kommunen gjev 24 månader mellombels dispensasjon frå byggjegrensa langs sjø, gjeldande arealføremål og plankrav, til mellombels bruksendring av 5 bygningar på gnr. 152 bnr. 4, jf. plan- og bygningslova (pbl.) §§ 19-2 og 19-3, jf. §§ 11-6, 11-7 og 11-9 nr. 1, på følgjande vilkår:

1.Dispensasjonsløyvet gjeld bygningar merka B, C, D, E og G på plankart motteke 23.12.2025, og bygningane skal nyttast som utleigehytter.

2.Dersom det ikkje er vedteke ein reguleringsplan for området når dispensasjonsløyvet går ut, skal den endra bruken av bygningane stansast.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga."

PS 18/26 89/56 - Søknad om dispensasjon - mellombels utviding av flytebryggje

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 11.03.2026 av sak 18/2026 89/56 - Søknad om dispensasjon - mellombels utviding av flytebryggje:

Før handsaminga av saka bad Kari Mjøs (U) om at gildskapen hennar vart vurdert, og ho gjorde nærare greie for tilknyttinga si til saka.

Daniel Kveiveland (KrF) vart kalla inn som varamedlem.

Votering:

Kari Mjøs vart samrøystes erklært ugild og skal ikkje ta del i den vidare handsaminga av saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev mellombels dispensasjon til mellombels utviding av eksisterande flytebrygge på gnr. 89 bnr. 56 på fylgjande vilkår:

Dispensasjonen gjeld byggjegrænse mot sjø, plankrav og arealføremål i sjø og på land.

Plasseringa av tiltaket skal vere i samsvar med situasjonsplan og teikningar mottekne 29.01.2026.

Dispensasjon gjeld i 4 år frå vedtaks dato.

Løyvet fell bort dersom drifta av landhandelen opphøyrer.

Når dispensasjonstida går ut, eller løyvet på annan måte fell bort, skal søkjaren fjerne tiltaket.

Innan 30 dagar etter at dispensasjonstida går ut, eller løyvet fell bort, skal det sendast dokumentasjon til kommunen, som syner at tiltaket er fjerna.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) §§ 19-2 og 19-3 jf. §§ 11-6, 11-7 og 11-9 nr. 1 og 5.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga."

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 11.03.2026 av sak 18/2026 89/56 - Søknad om dispensasjon - mellombels utviding av flytebryggje:

"Kommunen gjev mellombels dispensasjon til mellombels utviding av eksisterande flytebrygge på gnr. 89 bnr. 56 på fylgjande vilkår:

Dispensasjonen gjeld byggjegrense mot sjø, plankrav og arealføremål i sjø og på land.

Plasseringa av tiltaket skal vere i samsvar med situasjonsplan og teikningar mottekne 29.01.2026.

Dispensasjon gjeld i 4 år frå vedtaks dato.

Løyvet fell bort dersom drifta av landhandelen opphøyrer.

Når dispensasjonstida går ut, eller løyvet på annan måte fell bort, skal søkjaren fjerne tiltaket.

Innan 30 dagar etter at dispensasjonstida går ut, eller løyvet fell bort, skal det sendast dokumentasjon til kommunen, som syner at tiltaket er fjerna.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) §§ 19-2 og 19-3 jf. §§ 11-6, 11-7 og 11-9 nr. 1 og 5.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga."

PS 19/26 Andre saker/spørsmål

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 11.03.2026 av sak 19/2026 Andre saker/spørsmål:

Spørsmål frå Johannes Haugland(Sp):

Når vart det sist søkt om produksjonstillegg for gnr. 43 bnr. 3 ?

Arnstein Østhus ga følgende svar:

Søkjar har vore eigar av 43/3 sidan 1995 iflg. matrikkelen.

Vi har undersøkt systema våre, og vi kan ikkje sjå at det har vorte søkt om produksjonstilskot for desse areala.

Lite atterhald om at system ikkje er oppdatert om vi går langt tilbake i tid.

Johannes Borge(H) ønsket statusoppdatering på minsteareal for hjortejakt:

Tore Johan Erstad ga følgende svar:

Årsaka til at minsteareal for hjort ikkje er på sakskartet, er at administrasjonen – etter samtaler med viltforvaltar hjå fylkeskommunen – har beslutta at vi først må få fastsett nye forvaltningsmål/forvaltningsplan for komande år. Dette har vi bestilt frå Hjortesenteret. Når vi har dette, kan vi på betre grunnlag vurdere forskriftsendring. Då vil forvaltningsmål og ny forskrift bli handsama samla politisk.

Tilbakemeldinga frå fylket har vi oppfatta slik at fristen 15. mars for forskriftsendring ikkje er absolutt, men at vi har tid til å få dette på plass før tildeling av løyve for årets jakt. Dersom vi likevel ikkje kan bryte fristen 15. mars, eller får tid til å handsame ny forskrift før tildeling, må vi halde oss til gjeldande forskrift og bruk av 50%-regelen ved årets løyve.

Johannes Borge(H) ønsket oppdatering Holmane næring.

Tore Johan Erstad ga følgende svar:

Vi har fått en prinsipiell aksept for å jobbe videre med alternativ gangvei med enkelte innspill til kvalitet mv. Vi arbeider videre med dette i aktiv dialog med utbygger/forslagsstiller.

Ragnar Tyssebotn (Frp) stilte følgende spørsmål:

Kvifor var ikkje utvalsleiaren og nestleiar invitert med i møtet med statsforvaltaren i drøftinga av KPA?

Arstein Øvsthus gav følgende svar:

Dette møtet var meint for administrasjonen, og det var difor ikkje invitert politikare med. Det vil vere naturleg at ved framtidige møter lenger fram i prosessen og er med representantar frå politisk hold.

Det er avklart at dersom ordførar er med på framtidige møter vil og utvalsleiar bli invitert.

Johannes Borge(H) og Kari Mjøs(U) stilte følgende spørsmål:

Kva er rett framgangsmåte å få frådelingssaka Geir Jakobsen 137/21 om kjøp av ca. 2 dekar tilstøtande areal til ny handsaming? Planutvalget stemte mot, men me vil gjerne få denne saka til politisk behandling ein gong til då me meiner at vår avgjerelse vart gjort på for svakt grunnlag. Spørsmålet er difor korleis me skal gå fram for å dette til.

Tore Johan Erstad ga følgende svar:

Når klaga er behandla politisk og vedtaket ikkje blir omgjort, blir saka automatisk send vidare til statsforvaltaren. Saka ligg hjå statsforvaltar for behandling no. Vurderinga til statsforvaltaren er endeleg og kan ikkje klagast på. Det er mogeleg søkar kan trekke klagen,

og utvalet deretter kan be om å få lagt fram saka på nytt for vurdering av omgjerung etter forvaltningslova. Alternativt kan søkar sende inn ny søknad til kommunen.

Herdis Helle(Ap) stilte følgende spørsmål:

når du orienterer på planmøtet onsdag:

- 1) Kan du ta ein gjennomgang av denne saka og økonomiske konsekvensar for kommunen:

<https://www.bygdanytt.no/nyheiter/n/ArPwmA/eitt-steg-naermare-loeysing-for-kryssa-ved-osteroeytunet>

Eg forstår ikkje om dette har med den reguleringsplanen på Omsorg Pluss som er ute på høyring no eller om det er ei sak som er komen opp ifm med utbygginga av sykkelvege

- 2) Når de orienterer om KPA. Kan du seie litt om det:

- a) blir aktuelt å tilbakeføre arealet på Hauge ved Framhall der det var planlagt dagsenter til arealføremål LNF

- b) kvifor det ikkje let seg gjere å setje av parkeringsareal på kommunen si tomt på Slettebakken/Myrane i Vardalen slik at folk som vil gå tur eller bade på Brakvatnet også kan parkere eller kome inn i området derifrå

Arnstein Øvsthus/Tore Johan Erstad ga følgende svar:

Til pkt1:

Sykel- og gangveg som er under bygging blir bygd etter eksisterande reguleringsplan.

Ny reguleringsplan som no er lagd ut på høyring har ei anna kryssløysing i tråd med m.a. nyare krav. Det betyr at krysset får ei betre utforming i tråd med vegnormalen for buss på 15 meter. Kryssløysing i nord og sør blir endra i samsvar med ny reguleringsplan.

Etter god dialog med VLFK og prosjektet deira, har vi komme til semje om å modifisere krysset til å vere iht ny plan, og gjennomføre desse no i samband med prosjektet deira.

Meirkostnaden for dette vil falle på kommunen no, men det vil vere ei stor innsparing ift å ta dette igjen om kort tid.

Endeleg kostnadsestimat er ikkje klart endå, endringane held endå på med å bli detaljprosjekterte.

Til pkt 2.

Dette vart inkludert i gjennomgang av KPA.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 11.03.2026 av sak 19/2026 Andre saker/spørsmål:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.